

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Voss

Emne: Brynet

Bygdelag:

Oppskr. av: Ivar E. Øvsthus

Gard: Øvsthus.

(adresse): Reimegrend

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Vanleg ord er bryne.

2. I eldre tid var det naturstein. Det fyrste han far minnest (far fødd 1883) hadde dei noko bryne dei kalla "Aurekvaolsbryne". (Truleg frå Hardanger).

Eilev Øvsthus fødd 1827 hadde bytt til seg nokso mykje av desse bryni. Har ikkje høyrte um at dei fann bryne på desse kantar.

3. Ljåni vart ikkje slipte i eldre tid.

4. Min oldefar var den fyrste her på garden som slipte ljå. Han var fødd 1827, men han kjøpte ikkje steinen før etter at godfar var vaksen, so det laut vera etter 1875. Før den tid brukte dei "tynsleljå". Dei var ikkje slipte, men dei banka (eller tynte) ut eggi med ein hammar og so sidan brynte egg i ljåen. Det var helst gamle karane på garden sitt arbeid til å sitja i smidja. På vår gard, fortalde godfar, at i hans barndom var det hans godfar (Ivar E. Øvsthus) som sat i smidja alle laurdagar medan slåtten stod på, og tynte ljå.

Den fyrste ljåsteinen (slipesteinen) på garden var ei grynkvern og me har endå steinen.

5. Har ikkje høyrte om det.

6. Etter ein tok til med slipeljå, ymsa det mykje kor lenge ein brukte ljåen, alt etter godleik og graset ein skulde slå. Det vanlege var ein ljå på øykti. (millom måli).

7. No etter slipeljåni kom i bruk er det helst eit bryne som vert brukt. I dei seinste 15 åri er det sume som har smergolbryne og. Men før den tid var det og brukt ei trestikke som dei strauk ljårne med etter bryningi. Den stikka kalla dei for "kvåtestikka" og kunde vera så ymse laga, alt etter handalage til eigaren. Sume var utskorne på halde.

8. På stutturvi sat ljåen fast alltid når dei slipte, men på langorvi tok dei ljåen or. Ljåni på stutturvi var festa med ei vidja, som var drive ein trepenn innmed, likein som me brukar til dagsdato. Men ljåni på langorvi var ofte festa med ei lang reim, med ein trepenn. Men no er dei fleste som brukar band av jern. Dei heldt eggi mot seg når dei slipte.

9. Dei heldt då som no, ljàen på tvert framun seg.

Langorvi vart sette ned i bakken med enden.

Stutturvi heldt ein millom føtene, på den måten at ein slengde føtene i kross.

10. Det som ein ber brynet i heiter bott i den eldste tid, men no i det seinste er namnet slonka og brukt.

Det fyrste far minnest var det berre trebottar.

(Eilev Øvsthus fødd 1883), ein trestokk som var orgraven. No i den seindre tid er det helst blekkbottar som vert brukt.

11. Dei elste hadde festa botten mitt framum i livreimi

No er det bak dei ber botten.

13. Har ikkje høyrte om noko anna enn vatn.

14. Brynesev.

15 til 20. Har ikkje høyrte noko.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3

Tilleggsspørsmål nr.

Emne: Brynet

Oppskr. av: Ivar E. Øvsthus

(adresse): Reimegrend.

Fylke: Hordaland

Herad: Voss

Bygdelag: 17 A+42

Gard: Øvsthus

G.nr. 141 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

- 1 Vanleg ord er Bryne.
- 2 I eldre tid var det naturstein.
Det fyrste man far minnest
(far fødd 1883) hadde dei noko
bryne dei kalla "Surekvaalsbryne"
(Bryne på Hardanger)
Eiler Øvsthus fødd 1827 hadde
bytt til seg nokso mykje av desse
bryni. Har ikkje høyrst um at
dei fann bryne på desse kantar.
- 3 Ljani var ikkje slipte i eldre
tid.
- 4 Min oldefar var den fyrste her
på garden som slipte Ljå. Han
var fødd 1827, men han kjøpte
ikkje steinen før etter at godfar
var vaksen, so det laut vera etter
1875. Før den tid brukte dei
"brynsletjao" Dei var ikkje slipte,
men dei banka (eller brynte)
ut egg med ein hammer og so

2

sidan brynte egg i ljåen. Det var helst gamle karane på garden sitt arbeid til å sitja i smidja. På vår gard, fortalde godfar, at i hans barndom var det godfar hans (Ivar E. Posthus fødd 1807) som sat i smidja alle laurdagar medan slåtten stod på, og brynte ljå. Den fyrste ljåsteinen (slipesteinen) på garden var ei grynkvorn og me har endå steinen.

5. Har ikkje høyrst um det.

6. Etter ein tok til med slipe-
ljå, ynsa det mykje kor lenge ein brukte ljåen, alt etter godheit og grasst ein skulde bli. Det vanlege var ein ljå på øykta (millom måli)

7 No etter slipedjåni kom i bruk er det helst eit bryne som vert brukt. I dei seinste 15 åri er det sume som har smergolbryne og. Men før den tid var det og brukt ei prestikka, som dei skank ljåen med etter bryningi, den stikka kalla dei for "kvåtestikka" og kunde vera so ymse laga, alt etter handalage til eigaren. Summe var utskorne på halde.

2. 8 På stuttborvi sat ljæen fast al-
tid, når dei sløyte, men på
langorvi tok dei ljæen or. Ljæni
på stuttborvi var festa med ei
vidja, som var drive ein brepenn
innmed, likeins som me brukar
til dagsdab. Men ljæni på lang-
orvi var ofte festa med ei lang
reim, med ein brepenn. Men no
er dei fleste som brukar band
av jern. Dei helt eggj mot
seg når dei sløyte.

3
9 Dei helt dei, som no ljæen på
bort framum seg. Langorvi vart
sette ned i bakken med enden.
Stuttborvi helt ein millom fjone,
på den måten at ein sløyde
fjone i kross.

10 Det som ein ber bryne i heiter
bott i den elste tid, men no
i det seinste er namnet slonka
og brukt. Det fyrste far min-
nest var det berre brettar,
(Eiler Øvsthus fødd 1883) ein
hestokk som var orgraven. No
i den seindre tid er det helst
blekkbottar som vert brukt.

11 Dei elste hadde festa botten
mitt framum i livreimi. No
er det bak dei ber botten.

13

Har ikkje høyrst um noko anna
enn vatn.

14

Brynesen.

15 til 20

Har ikkje høyrst noko.

897

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING